

# Så vak, då!

*Kyrkjeårsdag: Domssundagen/Kristi kongedag – 24. november 2024*

*Evangelietekst: Matteus 25, 1–13*

*Gammaltestamentleg lesetekst: Job 28,20–28*

*Nyttestamentleg lesetekst: Kolossar brevet 1,9–14*

*Forteljingstekst: Johannes 18,33–37*

*Liturgisk farge: Grøn*

**Det nye testamentet vitnar om ei tid der ein trudde og håpte at Jesus skulle kome att kva dag som helst. Så har det gått to tusen år, og forventninga er enno ikkje oppfylt. Me kan dermed tenkje at dei ivrigaste tekstane verkar både framandarta og naive. Det er likevel noko ved dei som har potensial til å vekke sjølv dei søvngaste i eit tilsynelatande trygt velferdssamfunn. Domssundagen hentar me fram desse tekstane. I år fell dagen saman med årsdagen for deportasjonen av dei norske jødane i 1942. Den gongen sov store delar av det norske folket då uretten ikkje ramma dei sjølv. Det gjev dagen eit dobbelt alvor, og ein dobbel grunn til å lytte til preiketeksten si oppmoding: «Så vak, då!»**

Verken domssundagen i og for seg eller Kristi kongedag er merkedagar med særleg lange tradisjonar. Namnet «domssundag» kom inn i tekstboka i 2011. Det alternative namnet «Kristi kongedag» vart innført samstundes etter katolsk førebilete – men den festen er ei moderne nyvinning også i katolsk samanheng. Det er likevel lange tradisjonar for at alvor og domsperspektiv pregar slutten på kyrkjeåret – det har berre ikkje vore sentrert om ein særskilt sundag og heller ikkje alltid kome heilt sist.

I skrivande stund går det mot at bispemøtet kjem til å oppmode kyrkjelydane til å markere årsdagen for deportasjonen av dei norske jødane i gudstenestene 24. november. Dette er sundagen som ligg nærast 26. november, som er datoen då D/S Donau gjekk frå Oslo med 529 norske jødar om bord. I tråd med tilrådingane frå utvalet som har utgreidd møtet mellom Den norske kyrkja og jødedom og jødar, vil det vere naturleg å halde fram oppgjeret med fortida sine feil, men også arbeide for betre relasjonar i framtida. Både oppgjeret og framtidshåpet finst i tekstane for denne dagen, og i denne tekstgjennomgangen vil eg peike på korleis denne markeringa kan trekkast inn i preika. Det er verd å merke seg at forteljingsteksten frå Johannes 18 er av dei tekstane som verkeleg har antisemittisk tolkingspotensial. At det står at Jesu «eige folk», altså jødane, overgav han til dødsstraff, har vore brukt til å leggje skulda for Jesu død kollektivt på jødar til alle tider. Ein kan dermed ikkje bruke denne teksten lettvindt – ein må anten leggje han bort akkurat denne dagen, eller gjere eit oppgjer med antisemittiske tolkingar av han til hovudsak, dersom ein har rammer som tillét det.

## Visdom i lesetekstane

I bibelfaga har det vore ganske vanleg å skilje mellom visdomslitteratur og eskatologiske tekstar og sortere store delar av bibelmaterialet under ei av dei to overskriftene. Ei slik grovinndeling kan verken fange opp alle nyansar eller forklare alle opphavskontekstar, men merkelappane er brukbare på to viktige straumdrag med ulike perspektiv på verda, tida og livet. For det er faktisk slik at nokre tekstar fokuserer på livet her og no, snakkar om gode og kloke måtar å innrette seg på og ser åra og generasjonane følgje kvarandre. Det gjeld ikkje berre bøker me set merkelappen «visdom» på, som Ordtøka, Job og Sirak, men også lange strekk av Jesu undervisning. Andre tekstar er eskatologiske, der er tida lineær og ein ser med forventning fram mot kosmologiske omveltingar ved historia sin ende. Det er ikkje berre Daniel, Johannes openberring og andre bøker med apokalyptisk biletbuk som er slik, men også ein stor del av både Paulus si brevskrivning og Jesus si forkynning. På domssundagen i andre rekka vil det seg slik at dei to lesetekstane baa trygt kan plasserast i visdoms-båsen, medan evangelieteksten er utprega eskatologisk. Dette skaper ei spenning i perspektiv som med fordel kan nyttast i preika.

## Tekstar nært i slekt

Visdoms-perspektivet vert etablert av dei to lesetekstane. Frå Jobs bok hentar tekstboka ein bit av ein større hymne om Visdomen. Hymnen fyller kapittel 28. Han kjem dermed midt inne i rundane med dialog mellom Job og venene, men fungerer ganske uavhengig av kapitla før og etter. Frå Kolossarane tek tekstboka med ein del av den innleiande takkseiinga. Utdraget er ei bøn om at mottakarane av brevet om at dei må få ta imot Guds gåver, og ei takk for at dei allereie er fria ut frå mørkret og fått ein plass i Guds rike. Eit par ord som «uthald» og «tolmod» røper at det eskatologiske perspektivet ikkje er langt unna, men det er ikkje det som trer tydelegast fram i dette utdraget. I ordval og metaforbruk er teksten meir GT-inspirert enn Paulus ofte er, og dermed er ikkje vegen over til teksten frå Job så lang.

Baa tekstane ser på visdomen som ei gåve frå Gud. Job-teksten er fascinerande. Det er mykje av både edelsteinar og edle metall i Bibelen, men lite gruvedrift, men her har me eit heilt kapittel med bergverksmetaforar. Teksten ser kor imponerande det er at menneske grev djupt i fjellet etter verdiar, men same kor dyktige dei er, finn dei ikkje visdomen. Denne innleiinga er ikkje med i tekstboka sitt utdrag, for der er berre konklusjonen med: Berre Gud, som skapte fjella og dei store djupa, kjenner visdomen. Difor er visdom for mennesket å frykte Herren og vende seg bort frå det vonde. Kolossarbrevteksten ser på same måten visdom som ei av dei gåvene Gud kan gje. I bønna ber brevskrivaren om at mottakarane må få kunnskap, visdom, innsikt og styrke.

I baa tekstane er visdom ei praktisk sak. I teksten frå Job er «å frykte Herren» og «å vende seg frå det vonde» parallelle storleikar. Det handlar mykje om å gjere godt. Sameleis er

bøna frå Kolossarbreve tydeleg på at kunnskap om Guds vilje, visdom og innsikt ikkje er mål i seg sjølve. Desse gåvene har eit formål, nemleg at brevmottakarane skal kunne leve på eit vis som er verdig Herren, vere til glede for Gud og bere frukt gjennom gode gjerningar. Dette er eit ganske jordnært, konkret og etisk perspektiv. Ein bed rett og slett Gud om visdom og innsikt, slik at ein kan gjere det som verkeleg er godt i den daglege vandringa gjennom livet. Teologisk sett får kvardagen meining som ein stad der visdomen frå Gud får menneske til å gjere det som er godt.

## Eit trugande «då»

Då er det annleis med den tydeleg eskatologiske likninga frå Matteus 25 som er preiketekst denne dagen. Likninga med dei ti brudejentene inviterer i og for seg til allegorisk tolking der ein finn detaljerte tydingar til kvart einskild element i forteljinga. Men det er noko med innramminga som motset seg ei slik tilnærming. Om ein hentar teksten rett frå ein bibel, startar likninga med «då kan himmelriket liknast med...» Det er «himmelriket», heile situasjonen og ikkje ein konkret person, ei gruppe eller ei handling som skal samanliknast med biletforteljinga som følgjer. Dessutan er verbet *homoioô*, som i Matteus er ei vanleg innleiing til ei likning, her i futurum passiv, noko som er heilt uvanleg. Himmelriket er ikkje som i likninga, men det *kjem til å vere* det ein gong i framtida. Og tidspunktet er denne mystiske augneblinken «då», gresk *tote*. Dette ordet brukar Matteus meir enn fem gongar så ofte som dei andre evangelistane, og det gjev både driv og struktur til forteljingane. I kapittel 24 og 25 siktar ordet konsekvent til eit framtidig tidspunkt, då trengslene skal ta til (24,21), Menneskesonen skal kome i skyene (24,30) og kongen skal samle alle folk framfor seg og skilje dei som ein skil sauer frå geiter (25,31–32). «Då» siktar her til den avgjerande eskatologiske augneblinken. Denne samanhengen taper ein av syne om ein bråstartar med 25,1. Difor tilpassar tekstboka introduksjonen og legg til «Når Menneskesonen kjem» som utfylling til dette mystiske «då». Det er absolutt sakssvarande, men det er ikkje slik det ser ut når bibellesaren slår opp (eller går inn på [bibel.no](http://bibel.no)).

Likninga byggjer vidare på bryllaupsmetaforikken som allereie er etablert i evangeliet. I 9,15 omtalar Jesus seg sjølv som brudgom, og i kapittel 22 kjem den store likninga om bryllaupet for kongssonen. Denne likninga byggjer på same biletkrinsen. Det er framleis Jesus som er den opplagte brudgommen i eit bryllaup som er eit bilete på Jesu atterkome, men denne gongen er ikkje fokuset på gjestene, men på brudejentene som ventar på at brudgomen skal kome. Det er ti av dei, og talet ti er i antikken, som i dag, eit symbol på heilskap. At desse jentene på gresk er «jomfruer», *parthenoi*, har naturlegvis ei brei verknadshistorie, men det er ikkje eigentleg særleg vesentleg for likninga. For her er det ventinga desse jentene driv med som er poenget. At likninga brukar den svært attkjennelege erfaringa av å sitje utover kvelden og vente på noko, medan ein må kjempe for å halde augene opne, tyder på at kjensla av at Jesus dryga med å kome attende melde seg allereie ganske tidleg.

Krisa i likninga melder seg når brudgommen kjem og alle ti jentene har sovna på vakt. Men det er ikkje det at dei har sovna som er problemet (i motsetnad til i Lukas sin kortversjon av denne likninga, Luk 12,35–38). Katastrofen er at berre fem av dei har olje att på lampene sine. Dei fem uforstandige bed om å få låne av dei fem kloke som har teke med seg ekstrakanner, men det er ikkje nok til alle. Rådet om å «gå heller til dei som sel olje og kjøp sjølve» er absurd midt på natta, og understrekar berre det desperate i situasjonen. Likninga peikar dermed mot ein tidspunkt der alle skal gjere rekneskap for seg sjølve. Ho målar ein skræmmande situasjon der ein brått oppdagar at ein ikkje har gjort det ein skulle. Ein har ikkje skjøna det før, og så var det plutselig for seint. Døra vert stengd, og ein får ikkje vere med på festen. Dette er det stoffet mareritt er laga av. Samstundes er det, om ein tenkjer eitt steg lengre, ein tanke som kastar eit ljøs over alle kvardagar. Det er, i det eskatologiske perspektivet, denne siste augneblinken som fyller alle andre augneblinkar, alle val og alle handlingar med meining.

## Ei praktisk løysing

Spørsmålet om korleis ein skal unngå å stå tomhendt og avslørt på den siste dag melder seg med ein gong. Og likninga peikar ut ei ganske tydeleg retning. Ein gong før har Jesus gjort eit skilje mellom den kloke og den uforstandige. Det var i likninga som er sluttord til Bergpreika (Matt 7,25–26), der den kloke byggjer huset på fjell og den uforstandige byggjer på sand. Å vere klok og byggje på fjell er eit bilete på å høyre Jesu ord og gjere etter dei. I likninga om brudejentene spelar lampene ei viktig rolle. Og lamper, ljøs og lyfter er i Bibelens metaforunivers ofte eit symbol for Guds ord og Guds rettleiing. Det gjeld ikkje berre velkjende «ditt ord er ei lykt for min for og eit lys for min stig» (Sal 119,105), men også elles i GT (Ordt 6,23; 13,9; Job 18:5) og i pseudepigrafiske skrifter (t.d. 2 Baruk 59.2; 4 Esra [2 Esdras] 14,20–21). Passasjen frå 4 Esra er ekstra interessant, for der er biletet at Lova sitt lys har brent ned, slik at folket no vandrar i mørkret utan rettleiing. Det harmonerer godt med likninga. Medan ein ventar, må den som vil vere klok, halde seg vaken og halde lampa med Guds rettleiing brennande. Slik heng visdomsperspektivet og det eskatologiske perspektivet saman. Dette vert samla i sluttoppmodinga i likninga: «Så vak då, for de kjenner ikkje dagen eller timen!»

## Vaken

Det kan tenkjast at somme tilhøyrarar reagerer negativt om ein oppsummerer preika med eit politisk ladd «stay woke!». Men det er faktisk det Jesus seier – på gresk, rett nok. Verbet som er omsett «vake», *gregoreo*, er faktisk via nokre omvegar avleidd av verbet *egeiro*, «å vekke, reise opp». På ei og same tid uttrykkjer det det å vere vekt og det å halde vakt. Gud vekker oss opp, og me held vakt. Når oppmodinga heilt tydeleg også handlar om å gjere godt og følgje Guds vilje, kjem ein innhaldsmessig nært tydinga av uttrykket «stay woke» i den amerikanske borgarrettskampen (om ikkje nødvendigvis

tydinga uttrykket har fått i kommentarfelta på Facebook siste tiåret). Gjennom Jesu undervisning og hans føredøme får me ein standard. Me vert vekte opp frå halvsøvnen og minna om at ei betre verd ikkje berre er mogeleg, men er det Gud vil for menneska. Og Jesus kallar dei som høyrer på han til å halde seg vakne, oppdage uretten og gjere det som er rett.

Med brotsverka mot jødane i Noreg og Europa før og under andre verdskrigen som historisk bakteppe, kjem ei slik teksttolking nært. Den mest grunnleggande svikten den gongen var at så mange dels ikkje greidde og dels valde å ikkje sjå omfanget av det uhyrlege som var i ferd med å skje før D/S Donau la frå kai den novemberdagen. Arnulf Øverland sitt profetiske dikt «Du må ikke sove» frå 1936 er mykje brukt, men biletbruken i diktet og i dagens preiketekst ligg så nært kvarandre at diktet kan vere ei god bru inn i den historiske konteksten. Dryge åtti år seinare er det ingen som er tente med billeg etterpåklokskap. Eit faktisk oppgjær med uretten den gongen er viktig for relasjonane mellom jødar og resten av storsamfunnet og mellom jødar og kyrkja. I tillegg står dette bekmørke kapitelet i historia vår som ei grell påminning om at grov urett framleis kan skje medan fleirtalet ser ein annan veg.

Om ein er redd for å ein dag verte avslørt for ikkje å ha gjort det gode når det trengdest som mest, er rådet frå tekstane ganske enkelt. Det handlar om å trufast be om visdom og gjere det gode, dag for dag. Eller med Jesu ord, som sameinar dei to perspektiva i bibeltekstane: «Så vak, då!»

## Salmar

506 – Sions vekter hever røsten

738 – Noen må våke

400 – Jeg råde vil alle

739 – Nå øyner vi lyset av dagen

752 - Gi oss lys

**Per Kristian Hovden Sætre**

Sokneprest i Volda

*Ein versjon av denne tekstgjennomgangen stod på trykk i Luthersk kirketidende nr. 9/2024.*